

SunnMøring ...

Nr. 3 - 2011



Høgtidleg opning av barne- og ungdomsavdelinga



Gode minner frå Volda

s. 6



Fest for jubilentane

s. 8



Driftig doktor

s. 12

Helse Sunnmøre er om få dagar historie. Frå 1. juli blir vi ein del av Helse Møre og Romsdal. I dei vel ni åra vi har vore eige føretak har på Sunnmøre, har vi jammen fått til mykje! Dei største milepælane i desse åra er etablering av ei fullverdig kreftavdeling med stråleterapi, poliklinikk og sengepost, eit fullverdig vaksenpsykiatrisk tilbod på lik linje med tilbod i andre føretak og no sist opna vi den nye barne- og ungdomsavdelinga der vi får samle alle barn og unge i alderen 0-18 år som treng innlegging ved Ålesund sjukehus. Dette er viktige tilbod for innbyggjarane våre, både på Sunnmøre og delvis også for resten av fylket. Spesielt kreftavdelinga og barne- og ungdomsavdelinga. Med desse tilboda får også sjukehuset i Ålesund stadfesta og vidareutvikla den viktige rolla som sjukehus både i regionen og i fylket.

Ser vi tilbake på satsingsområda det første året – 2002 – var det tre fokusområde: reduksjon av ventelister og ventetid, reduksjon av talet på korridorpasientar og kontroll med økonomien. Ventetid er framleis eit fokusområde for oss, der vi i år har eit mål på gjennomsnittleg ventetid på 65 dagar. Då vi vart helseføretak, hadde Ålesund sjukehus ei ventetid på 250 dagar! I dag er ventetida i snitt for Helse Sunnmøre 84 dagar. Korridorpasientar var eit problem, spesielt for Ålesund sjukehus i 2002. I snitt låg det 15 pasientar i korridoren kvar dag, og dei fleste låg i dei medisinske sengepostane. I dag har vi svært få korridorpasientar i føretaket. Økonomien har vi òg i stor grad fått kontroll på siste åra. I fjor hadde vi eit driftsoverskot på cirka 10 millionar kroner! Som de ser, har vi fått svært mykje på plass i desse åra. Siste tida er det epikrisene og utsending av desse, fristbrot og ventetid som har hatt eit høgt fokus. Vi har gjort store forbetringar innan desse områda siste tida. Dette viser at vi er stadig i betring. Ser vi framover, er det pasientsikkerheitsarbeid som ein del av kvalitetsarbeidet som vil vere satsingsområde. Utfordringane våre vil heile tida vere forbetningsarbeid.

Å vere i stadig omstilling og arbeide med forbetningsarbeid er både krevjande og utfordrande. Eg opplever at dei tilsette i organisasjonen vår tek desse utfordringane og arbeider aktivt for å bli betre. Dyktige medarbeidarar har vi i Helse Sunnmøre. Eg vil takke dykk alle for den flotte innsatsen som de har gjort i desse åra som tilsette i Helse Sunnmøre! Med entusiastiske medarbeidarar vidare framover, er eg trygg på at denne positive utviklinga også fortset i det som blir det nye føretaket – Helse Møre og Romsdal.

Med vennleg helsing
Astrid J. Eidsvik



Framsida:
7. juni var det høgtideleg opning av den nye barne- og ungdomsavdelinga ved Ålesund sjukehus. Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen var tydeleg imponert, men kanskje aller mest glad var avdelingssjef Ove Økland.



••• Kenguru

Det var både høgtideleg og gripande då den nye barne- og ungdomsavdelinga ved Ålesund sjukehus blei opna 7. juni. Helse- og omsorgsminister var tydeleg imponert, og mange hadde møtt fram for å vere med på festen. Kanskje aller mest glad var avdelingssjef Ove Økland.



huset er her

Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen vitja Ålesund då ny barne- og ungdomsavdeling opna i juni.

Til flott musikk frå Ytre Suløen Jass-ensemble stod mange forventningsfulle og venta på at helse- og omsorgsministeren skulle komme til den nye barne- og ungdomsavdelinga på Ålesund sjukehus. Etter at arrangementet blei opna av styreleiar ved Helse Midt-Norge, Kolbjørn Almlid, fekk statsråden ordet. Ho var tydeleg imponert over det ho såg.
– Dette er den flottaste barneavdelinga eg har sett, uttrykte Anne-Grete Strøm-Erichsen idet ho gjekk til talarstolen.

Saman med åtte år gamle Anna Akerø Svendsli og 14 år gamle Cecilie Runde klypte statsråden snora. Med

det gjekk startskotet for den nye avdelinga for barn og unge opp til 18 år, som allereie er i full drift. Ifølgje statsråden er avdelinga eit eksempel til etterfølging for framtidige satsingar i Norge.

– Det skal byggjast ei ny barne- og ungdomsavdeling i Bergen. Dei burde ta seg ein tur hit for inspirasjon – dette er både topp moderne og nydeleg utsmykka, fastslo Strøm-Erichsen.

Alt i same bygget

I motsetning til tidlegare er no alt av helsetenester knytt til barn og ungdom samla i eitt bygg. Den gamle barneavdelinga var spreidd mellom hovudblokka,

sjukehusblokkene og andre tilbygg. Ho var på 1700 kvadratmeter og bydde stadig på utfordringar knytte til plass og ressursbruk.

Den nye avdelinga er på 5000 kvadratmeter fordelte på tre etasjar. I tillegg til nytt bygg er tilbodet utvida til å omfatte ungdom opp til 18 år innan utvida fagområde.

I dei ulike etasjane finn vi avdeling for neonatal og nyfødde. Her er òg separate avdelingar for infeksjonar i tillegg til eige isolat. Her er både familierom, badarom, samtalerom og leikerom for dei aller minste.



Overlege Christine Vaksdal Nilsen synte fram utstyret og teknologien som kan nyttast i simuleringsrommet.



Astrid J. Eidsvik overrekte nøkkelen til avdelingsleiar Ove Økland.

Helseministeren gav i talen sin honnør til Helse Midt-Norge for god samhandling og bruk av ressursar med orda:

– Samhandling er de gode på!

Ifølgje styreleiaren for Helse-Sunnmøre, Marthe Styve Holte, var opninga noko dei hadde venta lenge på.

– Dette er ein dag der vi skal få feire at vi endeleg er over målstreken, presiserte ho og la òg vekt på arbeidsgleda og pågangsmotet til arbeidstakarane.

Administrerande direktør i Helse Sunnmøre HF, Astrid J. Eidsvik, gratulerte både tilsette og brukarar med dagen.

– Funksjonelle bygg er viktige, og gode omgivnader gir god trivsel og medverkar til betre helse. I tillegg til nytt bygg har vi endra både namn og innhald på avdelinga. Mange har arbeidd hardt for dette, og eg vil takke både politikarar, tilsette og alle som har vore med på å gjere dette til verkelegheit, presiserte ho.

Godt som gull

Det var mange glade menneske som hadde møtt opp for å delta på opningsfesten. Frå ulike delar av Norge hadde representantar frå ulike føretak og organisasjonar komme på vitjing, og stemninga var svært god. Ein av dei som kanskje var aller mest glad, var avdelingsleiar Ove



Styreleiar ved Helse-Sunnmøre HF, Marthe Styve Holte, på talarstolen.



Statsråden blir orientert ved akuttmottaket på neonatal intensiv seksjon av seksjonsleiar Karin Sørland.

Økland, som var kledd i bunad for anledninga.

– Dette er som å vinne i ein cupfinale. Eg vil takke alle som har vore med oss heile vegen. Det var mange meiningar om dette prosjektet, og eg vil spesielt takke deg, Astrid (j.m . Astrid J. Eidsvik), du sa frå start at dette var mogleg, og no er vi her, uttalte Økland frå talarstolen. Han la òg vekt på kor viktig det er å ha flotte omgavnader.

– Med eit sjukt barn blir heile familien ramma. Og eit flott og funksjonelt bygg er viktige rammer for barn og familiane deira i ein vanskeleg situasjon, understreka seksjonslegen.

Visning i bygget

Etter at den offisielle opninga var overstått, var det tid

for visning omkring i nybygget. Saman med statsråden og følgjet hennar gjekk Ove Økland og synte fram dei flotte fasilitetane. Statsråden lét seg inspirere av både fargeval, kunst og teknologi. Kanskje aller mest imponert blei ho av akuttmottaket på neonatal intensiv seksjon.

Her blei ho orientert av Karin Sørland og Bjørg Stensøe med demonstrasjon av dei nye Giraffe-kuvøsene.

Ho blei òg teken med inn i simuleringsrommet som skal medverke til auka kompetanse hos dei tilsette. Her kan ein simulere alt frå akutte sjukdomstilfelle til intensivbehandlingar av spedbarn. Alt kan bli filma og evaluert i ettertid. Overlege Christine Vaksdal Nilsen synte fram utstyret og teknologien som kan brukast.

Ho presiserte òg at sjølv om det berre er eit øvingsrom, kan det gi høg puls på både legar og sjukepleiarar når det står på.

Til slutt blei statsråden og alle dei inviterte tekne med på treretters middag på sjukehuskantina. Fiskesuppe, hjortekjøtt og crème brûlée sette ein ekstra spiss på avslutninga av dagen. Her blei det òg overrekket gåver til avdelinga med tilhøyrande talar og song. Middagen blei leidd av overlege Beate Eriksen som uttalte: No er draumehuset her – kenguruhuset!

**Tekst og foto:
Runar Andersen**

Nøgd gjest

Ein av dei som var med på festen, var dr.med. Thor Willy Ruud Hansen som representant for Norsk barnelegeforening. Han påpeikte viktigheta av å leggje til rette helsetilbod for at barna skal få eit godt liv.

– Vi har sett ein auke i såkalla livslaupssjukdommar. Barn er ut og inn av poliklinikkar og må

venje seg til eit liv med sjukehuset. Dei skal handtere sjukdommen sin resten av livet, og dette må påverke korleis vi tenkjer om barnehelse, presiserte han og omtalte den oppvekst-sande generasjonen som framtidens musikk. Han gav òg honnør til sjukehuset for etablering av ei avdeling for barn og unge opp til 18 år. – Dette oppmuntrar òg andre til å ha eit tilbod innan barnemedisin heilt opp til 18 år, avslutta han og overrekte eit bilete til Ove Økland frå Norsk barnelegeforening.



35 år i sjukehusets teneste

Egil Nordahl kom til Volda frå Haukeland i mai 1974. Han byrja som assisterande overlege på medisinsk avdeling, blei seinare både avdelingssjef og sjeflege, og han fekk òg eit år i direktørstolen. Etter 35 år i Volda har han no flytt til Austlandet og ser tilbake på arbeidsplassen med gode minne.

– Volda var ein flott arbeidsplass, med eit triveleg miljø og ein fin plass å vere både i og utanom arbeidstida, seier den erfarne sjukehusmannen. Han har fått mykje ros for engasjementet sitt for sjukehuset og var ein av dei som jobba hardt for å få på plass dei nye lokala på 80-talet. Då dei endeleg kom, gav det dei tilsette ein ny giv.

– Det blei lettare å rekruttere folk, lettare å finne seg til rette, og ein kunne vise til at tilbodet var hensiktsmessig og moderne, seier Nordahl.

Også direktør

I den lange karrieren sin på Volda sjukehus fekk han òg med seg eit år i direktørstolen.

– Det var ei grei erfaring å ha vore på begge sider av bordet når ein er i forhandlingar med eit stramt budsjett, seier Nordahl, som i heile karrieren sin har vore oppteken av sjukehus- og helsepolitikk.

– Sjukehuset som heilskap har vore det store interesseområdet mitt, derfor blei det mykje arbeid i og utanom korridorane som gjaldt sjukehuspolitikk og helsefagleg fylkespolitikk. Han engasjerte seg òg stort i kampen for Eiksundsambandet, då han meinte dei same argumenta var positive for sjukehuset.

– *Kva har du betydd for Volda sjukehus?*

– Det er vanskeleg å seie, det må nesten andre svare på. Eg er stolt over at vi fekk gjennomslag for at vi var ei verdifull brikke i Helse Sunnmøre, og at vi etablerte ein dialog med Ålesund slik at vi fekk to einingar som utfyller kvarandre, seier han.

Nordahl meiner sjukehuset har vore heldig med rekrutteringa, og han skylder på godt arbeidsmiljø.

– Vi hadde ein stamme med fagfolk som etter kvart fekk så god kjemi at dei byrja å rekruttere av seg sjølve, fortel Nordahl, som ikkje har gitt seg fullstendig i arbeidslivet, men framleis har den offentlege karrieren sin i NAV. Likeins saknar han sjukehuslivet iblant.

– Det som er spesielt når ein ser tilbake, er ikkje det ein har gitt, men det ein sjølv har fått tilført som samfunnsborgar, og den ballasten ein har fått ved å ha ein god arbeidsplass, meiner han.

Tekst: Nina Blågestad



Namn: Egil Nordahl

Alder: 72 år

Tittel: Pensjonert avdelingssjef på medisinsk avdeling, sjeflege og direktør på Volda sjukehus

Bustad: Bærum

Beste minne:

Det var då den første dynamittladningen gjekk av på tomta til det nye sjukehuset. Vi hadde det så travelt at vi hadde gløymt å tette godt nok. Det gjekk nokre ruter, og ein svær stein suste gjennom vindauget og rett inn på medisinsk avdeling, rett før visitten. Steinen fekk eg seinare i gåve med innskrifta: "Naturlova til tross, steinen hamna hjå oss. Med takk for god innsats for nytt sjukehus i Volda." Den steinen har enno ein viktig plass hjå meg.



Namn: Yngve Norderval
Alder: 79 år
Tittel: Avdelingsoverlege på kirurgisk avdeling og sjeflege ved Volda sjukehus
Bustad: Ås i Akershus

Beste minne:
Tida i Volda var ei givande tid med mange gode minne. Samhaldet mellom dei tilsette ved sjukehuset var heile tida godt, og eg kan sjå tilbake på mange gode opplevingar.

Kirurg med hjarte for Volda

Yngve Norderval blei tilsett som avdelingsoverlege ved kirurgisk avdeling ved fylkessjukehuset i Volda i mai 1974. Den mangeårige kirurgen ser tilbake på ein karriere med stor utvikling på det medisinske feltet.

Norderval studerte medisin ved Universitetet i Bergen og blei uteksaminert våren 1957. I 1967 blei han godkjend som spesialist i generell kirurgi. Han jobba som reservelege i Drammen og på Haukeland før han søkte og fekk jobb i Volda.

– Det første året var det berre to overlegestillingar der, og arbeidet med å utvide stillingsheimlane tok til. I 1975 var det klart for ein tredje mann. Dette gjorde arbeidsdagen lettare, fortel Norderval, som opphavleg er frå Ørsta.

Fleire overlegar

Dei første ti åra måtte kirurgane òg vere med på å dekkje vaktene på gynekologisk avdeling før ho hadde fått oppretta stillingar nok til å dekkje egne vakter. Lokaliteta ved sjukehuset var gamle og nedslitne, men i 1986 kunne dei flytte inn i eit heilt nytt og moderne sjukehus til beste for både pasientar og tilsette.

– Visjonen var å få tilsett seks overlegar i generell kirurgi med variert sideutdanning, slik at ein kunne

gi eit fullverdig tilbod innan både gastrokirurgi, ortopedi og urologi. Dei to sistnemnde spesialitetane kom på plass først på 2000-talet. Men to assistentlegar fekk permisjon for å spesialisere seg i faget, og den eine er no på plass i Volda, og den andre kjem snart etter. Berre framtida får vise om arbeidsforholda for desse to blir tilfredsstillande, fortel Norderval.

Anestesi frå Ålesund

Den første tida i Volda var vanskeleg med tanke på anestesiserive. Dei fekk hjelp frå Ålesund ein gong i veka, men sakna dagleg anestesiserive.

– Det blei satsa på dyktige legar med tilknytning til Volda, og i dag har dei bygd opp ei svært god avdeling. Røntgenavdelinga har blitt utbygd med dyktige folk og med moderne utstyr. I dag er CT-maskin på plass etter stor innsats frå folk i nedslagsfeltet og innsamling av pengar. MR-utstyr har ein òg fått, så der er eit godt tilbod til pasientane i området, meiner den erfarne legen, som i dag bur på Austlandet. Endringar i faget

Med si lange erfaring har Norderval fått oppleve ei enorm utvikling i medisinfaget. Nye teknikkar har blitt tekne i bruk i løpet av desse åra.

– Sjukdommar som før blei tekne hand om ved kirurgisk avdeling, har endra karakter, til dømes har pasientar med magesår forsvunne frå dei kirurgiske avdelingane. Inngrep for stein i urinvegane var vanleg for nokre tiår sidan, i dag blir steinen knust med lydbølger, fortel han.

Norderval peiker òg på at talet på senger ved sjukehusa har blitt redusert. Medan liggjetida for nokre tiår sida stort sett var ti døgn, er ho no knapt fem ved kirurgisk avdeling. Dette har ført til at mykje må gjerast som dagkirurgi.

– Sjukehuset i Volda var tidleg ute med denne omlegginga, samanfattar Norderval.

Tekst: Nina Blågestad

Feira jubilantane



Administrerende direktør Astrid J. Eidsvik (t.h.) takkar jubileums- og programkomiteen for innsatsen. Frå venstre Knut Nautvik, Steinar Holmeset, Bjarte Jensen, Bodil Haugen Våge, Solveig Moe Frøland, Egil Korsnes og Jorunn Aandal (ikkje med på bilete).

Både Volda og Ålesund sjukehus jubilerer i år. For å markere dette vart Helse Sunnmøre feira i mai.

650 festkleddde sjukehusstilsette møtte opp til middag 6. mai for å markere at Ålesund sjukehus er 40 år medan Volda sjukehus er 25 år i år.

– Det var ei flott markering, og både maten og underhaldninga fall i smak, fortel kommunikasjonssjef Solveig Moe Frøland.

I tillegg til festen, har sjukehusa markert jubilea med jubileumsforedrag både på Volda og i Ålesund.

Her serverer vi eit knippe bilete frå jubileumsfesten.

Tekst: Hilde Sander Meling
Foto: Mikael Ruud



Aministrerende direktør Astrid J. Eidsvik.



Harald Grytten leia festen, medan Jorunn Aandal heldt ein apell.



Underhaldning av Vidar Punsvik (til vesntre), Elisabeth Siebke, Grethe Myklebust Gjesdal og Andre Sjøvåg.





Kommunikasjon i utvikling

Kommunikasjonssjef Solveig Moe Frøland (51) har vore tilsett i Helse Sunnmøre sidan starten av helsereforma i 2002. No trer ho over i ny stilling i Kystverket.

Kommunikasjon er eit forholdsvis nytt fag, og det har ikkje vore lange tradisjonar for reine kommunikasjonsstillingar i norsk helsestell. – Eg har fått vore med på å forme faget og stillinga mi i Helse Sunnmøre og er særst takknemleg for den respekten og velviljen eg har møtt, fortel Moe Frøland som òg har erfaring som leiar av informasjonssenteret på Volda sjukehus før 2002 og har ein master i kommunikasjonsleiing.

Lagspel

51-åringen har vore med på å setje både faget og kor viktig det er å kommunisere – både internt i organisasjonen og eksternt – på dagsordenen.

– Eg ser på faget som eit lagspel. Det vil seie at kommunikasjonen skal følgje linja i helseføretaket. Leiaren har ansvaret for å informere sine tilsette og dei som naturleg høyrer til avdelinga, medan mi oppgåve i hovudsak er å leggje til rette, ved eksempelvis å opprette gode kommunikasjonskanalar og gi råd om god kommunikasjon, seier Solveig Moe Frøland.

Ho understrekar at alle tilsette sjølvsgt òg har ansvar for å skaffe seg informasjon.

Ulike kanalar

For informasjonen finst – både i dialogen, digitalt og på papiret. Kommunikasjonssjefen har vore med på å byggje opp fleire intranett og har i fleire år vore med i styringsgruppa for alle elektroniske webportalar i Helse Midt-Norge. – I dag kan vi skreddarsy intranett etter avdelingane sine behov, ha ei hovudsida med overordna informasjon, og vi kan halde oss oppdaterte på nyhende ved dei andre helseføretaka

i Helse Midt-Norge, seier Moe Frøland som er med i den regionale styringsgruppa for ulike elektroniske webportalar i Helse Midt-Norge. – Sjølv om dette er ein viktig kanal, er det ikkje alt.

Kommunikasjonssjefen nemner mellom anna e-post (sjølv om bruken ikkje må overdrivast), møtefora og SunnMøring som andre kjelder til god informasjon. Moe Frøland understrekar likevel at den beste kanalen er tovegs kommunikasjon – samtalen. Når det er sagt, er det klart at ein ikkje når alle, og at vi må bruke fleire kanalar.

– Reaksjonane er gjerne delte når det gjeld å gi informasjon på papir, men vi må hugse på at mange av dei tilsette som jobbar ute i avdelingane, ikkje nyttar data for å skaffe seg denne typen informasjon, men for å dokumentere pasientrelaterte hendingar. Eg meiner papir òg er ein viktig kanal for informasjon, seier Solveig Moe Frøland.

Sol inne, sol ute

Det at ho skal slutte som kommunikasjonssjef, betyr ikkje at ho legg kommunikasjonsarbeidet på hylla. Tvert om. No skal Moe Frøland lære ei ny statleg bedrift å kjenne.

– Eg gleder meg til å begynne i Kystverket, men vil likevel få fram kor usedvanleg spennande år eg har hatt i Helse Sunnmøre. Ikkje ein dag har vore lik, og eg har gledd meg til å gå på jobb kvar dag, fortel ho.

– Kommunikasjonsfaget har fått ei anna rolle i sjukehusa i den tida Solveig Moe Frøland har vore tilsett i Helse Sunnmøre. Ho har medverka til å setje faget og kor viktig både intern og

ekstern kommunikasjon er, på dagsordenen i desse åra, seier administrerande direktør Astrid J. Eidsvik og beklagar sterkt at Moe Frøland no forlèt Helse Sunnmøre.

Moe Frøland sine råd til dei som kjem etter ho, er mellom anna å ikkje undervurdere internkommunikasjon.

– Det er som dei seier ved St. Olavs Hospital: Sol inne, sol ute. Eg har trua på at eit godt arbeidsmiljø og god kommunikasjon internt i organisasjonen er positivt. Dei tilsette er våre beste ambassadørar, seier 51-åringen, som hevdar at det er av stor verdi å nytte seg av Internett og media for å få ut konstruktive saker.

– Det handlar om god folkeopplysing, avsluttar Moe Frøland, som takkar for seg både som redaktør og kommunikasjonssjef.

Tekst: Hilde Sander Meling

Foto: Anbjørn Holme



”

Eg har fått vore med
på å forme faget og
stillinga mi i Helse
Sunnmøre



Ingrid Prytz Berset - kone, trebarnsmor, overlege med to spesialitetar, fiolonist i strykeorkester, deltakar i faglege utval og innehavar av ulike verv. Dette er berre nokre av rollene til den engasjerte Ålesund-dokteren.

Speler på fleire strenger

I over 18 år har 44 år gamle Ingrid Prytz Berset arbeidd som lege, 14 av dei ved Ålesund sjukehus.

Det er ikkje tvil om at det er ei entusiastisk og flittig dame eg treffer på telefonen då Ingrid Prytz Berset tek seg tid til å snakke om både fag og sjukehus i ein travel kvardag.

I over 18 år har 44-åringen arbeidd som lege, 14 av dei ved Ålesund sjukehus, og ikkje ein einaste dag har ho grudd seg til å gå på jobb.

– Eg liker jobben min så utruleg godt at eg ofte gløymer både tid og stad. Derfor hender det at eg blir sitjande på jobben for å få unna det eg må, ut over arbeidstida, fortel Prytz Berset.

Organdonasjon

Kvardagen til overlegen handlar om liv og død. Sjølv om ho for tida arbeider mest som mage- tarmspesialist, der ho behandlar, rettleier og underviser pasientar i kroniske fordøyingssjukdommar, jobbar ho òg som nyrespesialist og har ansvar for oppfølging av pasientar før og etter transplantasjonar av både lever og nyre.

– Søkjelyset på organdonasjon har blitt sterkare

dei siste åra, og vi som arbeider med det, ser at det stadig er fleire som ønskjer å vere donor. Det er òg enklare å få ja frå pårørande som nettopp har mist nokon av sine, fortel Ingrid Prytz Berset.

Ho har vore donransvarleg i Helse Sunnmøre i fleire år, men i vår overtok anestesilege Robert Bergseth den jobben.

– Eg er stolt over det eg har vore med på saman med dei andre i ressursgruppa for organdonasjon. Vi har mellom anna fått retta merksemda mot transplantasjon og donasjon gjennom seminar for dei tilsette i Helse Sunnmøre. I fjor hadde vi 120 påmelde som fekk fagleg påfyll, fortel 44-åringen, som var fire år ved Rikshospitalet for å fullføre spesialitetsutdanningane sine.

Fordøying

Hovudspesialiteten er mage- og tarmsjukdommar, og av desse er ho særleg oppteken av dei inflammatoriske tarmsjukdommane Crohns sjukdom og ulcerøs kolitt. I Noreg er det over 12 000 pasientar

som har slike sjukdommar. Dei fleste av desse er unge, så det er viktig at dei får god behandling slik at sjukdommen fell til ro så pasientane kan leve eit heilt normalt liv, og at dei får minst mogleg biverknader og komplikasjonar av behandlinga. Dette krev engasjerte og kunnige dokterar, og pasientar. – Det blir stadig meir vanleg at desse pasientane får immunhemmande behandling, noko som eg har god erfaring med frå transplantasjonsfaget. Derfor får eg brukt begge spesialitetane mine på dette området. I tillegg til behandlinga satsar vi stort på undervisning og har mellom anna starta skule for pasientar og pårørande. Vi har òg ei god telefoneneste for pasientane. Dei kan ringje oss om dei har spørsmål, nær sagt døgnet rundt. Denne servicen tek mykje av tida vår, men vi meiner han er særst viktig, fortel Ingrid Prytz Berset.

– Alt i alt handlar det om å vere ein vanleg dokter på eit vanleg sjukehus. Men etter mange år som vanleg dokter er det òg inspirerende å kunne engasjere seg i faglege fora både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

- Imponert over utviklinga

Lista over utval og verv Ingrid Prytz Berset har vore og er engasjert i, er lang. Vi kan mellom anna nemne Legeforeningens Spesialistkomité i fordøyelsessykdommer, LIS – Senter for avtalar om kjøp av legemiddel for helseføretaka i Noreg. Ho er òg Noreg sin representant i European Crohn's and Colitis Organisation (ECCO) og leiar i Norsk Gastroenterologisk Forening si interessegruppe for inflammatorisk tarmsjukdom (IBD). Sistnemnde har søkt om å få vere vertskap for den årlege ECCO-kongressen for gastroenterologar i 2014 – ein kongress som hadde nesten 4000 deltakarar i år. I tillegg til dette har Prytz Berset vore involvert i utarbeiding av retningslinjer for ulike typar immunhemmande behandling.

Fritid

Og om du skulle tru at dei ulike verva og utvala fyller opp kvardagane til 44-åringen, er det berre å få med seg neste konsert med Ålesund Symfoniorkester. Då kan du nemleg sjå trebarnsmora og overlegen spele på fleire strenger. Og når ho ikkje spelar sjølv, har ho ansvaret for Ålesund Orkesteskole der barn og ungdom får inspirasjon og opplæring i klassisk musikk.

Dersom Ingrid Prytz Berset treng ro – for det gjer ho faktisk av og til – då lokkar fjellet, spesielt når det er vinter og skiføre, eller ein god roman på eit solvarmt svaberg ved hytta i østfoldskjergarden.

Tekst: Hilde Sander Meling
Foto: Lilly's studio i Ålesund

Namn: Ingrid Prytz

Tittel: Overlege på medisinsk avdeling

Alder: 44

Bustad: Ålesund

Beste minne:

Dei gongene eg har vore med på å redde menneske som er kritisk sjuke, tilbake til livet, for eksempel etter ein organtransplantasjon, og seinare får følgje dei vidare i eit aktivt, meningsfullt liv.

94 år gamle Erling Marstein var den første direktøren på Ålesund sjukehus. Trass i at det er 28 år sidan han gjekk av med pensjon, held han seg framleis oppdatert på det som skjer innanfor helsestellet.

– Når ein ser på utviklinga dei siste 30 åra innanfor helsesektoren, kan eg berre drøyme om kva moglegheiter som ligg framfor oss i framtida, seier Marstein.

At han hamna innanfor helsesektoren, var eit reint tilfelle. Som han seier: I 1936 måtte ein vere takksam berre ein fekk ein jobb. Marstein starta karrieren sin som kontormann for forvaltaren, og han fann ut at han treivst med å jobbe på sjukehuset.

- Lettare å vere direktør enn forvaltar

Etter tre år på Ålesund sjukehus ville Marstein utvikle seg vidare. Han ønskte å sjå korleis dei jobba på andre sjukehus, og fekk først ein jobb som forvaltar på Rotvoll sykehus i Trondheim. Deretter gjekk turen til Kristiansund og Oslo før han ville heim igjen til Ålesund. Han klatra i jobbstigen og blei økonomisjef før han blei direktør i 1971 og tok over drifta for heile Ålesund sjukehus. Direktørstillinga treivst han godt i.

– Dette var ein veldig fin periode av karrieren min. Det var ein kjekk, omfattande og allsidig jobb, og eg syntest det var spesielt interessant å kunne sjå på alle sider av sjukehusdrifta, seier han. Faktisk syntest Marstein at det var lettare å vere direktør enn forvaltar og økonomisjef.

– Då eg var forvaltar og økonomisjef, var det ikkje klare grenser mellom kva som var kven sitt ansvarsområde. Som direktør hadde eg totalansvaret, og eg hadde berre styret å ta omsyn til når det gjaldt avgjerder.

Teknologisk utvikling

I løpet av tida si som direktør fekk Marstein ta del i den teknologiske utviklinga. Men ikkje alle var nøgde med endringane.

– Eg hugsar då vi fekk overvåkingsutstyr for å overvake pasientane. Då sa ein sjukepleiar til meg: Ingen kan overvake pasientane betre enn ein flink sjukepleiar. Ho hadde rett i det, men eg trur nok at pasientane hadde mest utbytte av begge delar, seier han. Når Marstein ser tilbake, er det rart å tenkje på at ein tidlegare la inn menneske med magesår og beinbrot.

– På den tida måtte ein liggje seks veker på sjukehuset dersom ein fekk magesår eller beinbrot. I dag er ikkje dette nødvendig. På den tida hadde vi òg berre eitt røntgenapparat på heile sjukehuset.

Namn: Erling Marstein

Tittel: Pensjonist, den første direktøren på Ålesund sjukehus

Alder: 94

Beste minne: Når eg tenkjer tilbake, er det dei omkring meg eg hugsar best. Eg synst innsatsen frå alle eg hadde forbindelse med var fantastisk. Derfor vil eg gjerne gje nokre rosande ord til dei som arbeidde med meg, både på det gamle og det nye sjukehuset.

Det har vore ei fantastisk utvikling, seier han. Den tidlegare direktøren fekk i løpet av karrieren sin òg vere med på å utvikle nye avdelingar, noko han syntest var svært spennande. – Sjølv under bygging kom det krav om nye avdelingar, og vi klarte alltid å få det til, seier han.

Viktig å halde seg oppdatert

Marstein hadde moglegheita til å jobbe til han var 70 år, men han valde sjølv å gå av med pensjon då han var 67 år.


– Eg ønskte å gå av mens eg framleis var i god form, og det angrar eg ikkje på. Det var ei fin tid, og eg hjelpte mellom anna sønene mine med husbygging, seier han.

Marstein er i dag 94 år og bur i servicebustad i Ålesund saman med kona si på 91 år. Han er glad dei framleis har kvarandre.

– Vi er heldige som har fått vere så lenge saman. Sjølv om beina er skrøpelege, følgjer vi med på nyheitene og les aviser kvar dag. Det er viktig å halde seg oppdatert på det som skjer, seier han.


Tekst: Janne Vibeke Rosenberg

Cox er et av Norges største byråer innen redaksjonell kommunikasjon og design. Vi er lokalisert i Oslo og Bergen, og har kunder over hele landet. Gjennom våre 50 medarbeidere – som er journalister, fotografer, rådgivere, designere, annonsekonsulanter og webutviklere – tilbyr vi mangfold og kompetanse innenfor et vidt spekter av tjenester.



Kontakt oss på 55 54 08 00

COX



Amica, 4.60. Høringsvege

Du trenger ikke ekstra sete i bilen for å ha plass for en til

— Børn til bilplass i bilpark. Å være bilfører er en personlig og viktig oppgave. Det er viktig å vite at bilplasser i bilen er begrenset og at det er viktig å vite at bilplasser i bilen er begrenset. Vi tilbyr deg bilplasser i bilen som er trygge og komfortable. Vi tilbyr deg bilplasser i bilen som er trygge og komfortable. Vi tilbyr deg bilplasser i bilen som er trygge og komfortable.

www.plan-norge.no / telefon 00123

Plan Norge



Åpningstider:
Mandag - fredag
kl. 09-16,
lørdag kl. 09-13

Start ferien på Sjukehusapoteket

Husk solkrem!

Høy faktor gir høy rabatt i perioden 6.6 - 7.8.2011.

I samme periode gir vi 40% rabatt på MABS Jobbstrømpe, som også egner seg godt som reisestrømpe.

Vi ønsker vår kunder god sommer!



SYKEHUSAPOTEKENE I MIDT-NORGE
Sjukehusapoteket i Ålesund

Magasin for
Helse Sunnmøre
www.helse-sunnmore.no



**Redaktør/
kommunikasjonssjef:**

Solveig Moe Frøland
70 10 68 10 /
922 08 089
solveig.moe.froland@
helse-sunnmore.no



**Prosjektleder/
journalist:**

Hilde Sander Meling
918 29 750

hilde.meling@cox.no



**Annonse-
konsulent:**

Elin Nagelsen
930 19 561

elin.nagelsen@cox.no

TOLKING

Tolkebestilling:
Tlf. 75 54 22 00 / 815 35 500
DØGNVAKT

NORICOM® NORD AS

Lokalkontor Ålesund
Tlf. 70 13 03 60 / 75 54 22 16

TOLKING - TILSTEDE OG TELEFON

NYTILSETTINGAR I HELSE SUNNMØRE

Liste over nytilsette i faste stillingar

Kristin Lein Olsen
Avdelingsstråleterapeut
ved Stråleterapiseksjonen,
Kreftavdelinga - Medisinsk
klinikk. Byrja 16.03.2011

Nils Eivind Skottner
Avdelingsstråleterapeut
m/stedfortrederansvar
ved Stråleterapiseksjonen,
Kreftavdelinga - Medisinsk
klinikk. Byrja 22.03.2011

Tone Kjerstad
Overbioingeniør ved Labo-
ratorium for medisinsk
biokjemi - Klinik for
laboratoriefag.
Byrja 01.04.2011

Elisabeth Slotsvik Kleive
Avdelingssjef ved Anes-
tesiavdelinga - Kirurgisk
klinikk. Byrja 01.04.2011

Natalie Vartdal
Avdelingssjukepleiar ved
Sterilsentralen, Opera-
sjonsavdelinga - Kirurgisk
klinikk. Byrja 04.04.2011

Harriet Giskegjerde
Leiar for avdelingsnære
kontor- og administrative
funksjonar, Kirurgisk klinikk
- Kontor. Byrja 11.04.2011

Eli-Anne Smedegaard
Aspaas
Pasientkoordinator/drifts-
konsulent ved Barne- og
ungdomsavdelinga.
Byrja 29.03.2011

Eirik Molvær
Poliklinikkleiar ved Psykia-
trisk poliklinikk - Vaksen-
psykiatrisk avdeling.
Byrja 01.05.2011

Jenni-Mari Hildre Dimmen
Medisinsk fysikar ved
Radiologisk avdeling.
Byrja 01.05.2011

Ida Marie Svinø
Arkivleiar ved
Dokumentasjonssenteret,
Serviceavdelinga.
Byrja 02.05.2011

Birgitte Kaldhussæter
Vernepleiar ved Seksjon
for habilitering - Barne- og
ungdomsavdelinga.
Byrja 18.05.2011

Kjellrun Hareide
Sjukepleiar ved Felles
sengepost Fys.med./Slag/
Geriatr - Medisinsk klinikk.
Byrja 01.06.2011

Lisette Bakker
Klinisk pedagog ved Poli-
klinikken i Ålesund (BUP)
- Psykisk helsevern for barn
og unge. Byrja 01.06.2011

Linda Hatlehol
Sjukepleiar ved Kirurgisk
sengepost 2, Kirurgisk
avdeling - Kirurgisk klinikk.
Byrja 01.06.2011

Oddhild Knotten Tollås
Sekretær ved Alderspsykia-
trisk seksjon (APS) - Vak-
senpsykiatrisk avdeling.
Byrja 01.06.2011

Svein Egil Sjøholm
Senior Reiseplanlegger ved
Kontor for pasientreiser
Møre og Romsdal, Økono-
miavdelinga.
Byrja 01.06.2011

Cecilie Janita Reiten Vollvik
Reiseplanlegger ved Kontor
for pasientreiser Møre og
Romsdal, Økonomiavde-
linga. Byrja 01.06.2011

Helene Helgå
Reiseplanlegger ved Kontor
for pasientreiser Møre og
Romsdal, Økonomiavde-
linga. Byrja 01.06.2011

Tone Lise Sunde Brusdal
Reiseplanlegger ved Kontor
for pasientreiser Møre og
Romsdal, Økonomiavde-
linga. Byrja 01.06.2011

Anne F. Aasebø
Gulbrandsen
Assistent ved Driftssek-
sjonen, Serviceavdelinga
- Volda sjukehus.
Byrja 15.03.2011

John Kristian Høy
Overlege ved Kvinne-
klinikken Volda Felles,
Kirurgisk klinikk Ålesund
- Volda sjukehus.
Byrja 01.04.2011

Joar Ulstein
Sjefbioingeniør ved Lab
for medisinsk biokjemi,
Klinikk for laboratoriefag,
Medisinske serviceavdelin-
gar - Volda sjukehus.
Byrja 01.04.2011

Svein Festøy
Overbioingeniør ved Lab
for medisinsk biokjemi,
Klinikk for laboratoriefag,
Medisinske serviceavdelin-
gar - Volda sjukehus.
Byrja 01.04.2011

Eva Iren Halse
Sjukepleiar ved Medisinsk
poliklinikk, Medisinsk avde-
ling Volda, Medisinsk klinikk
- Volda sjukehus.
Byrja 01.05.2011

Magnhild Vatn
Seksjonsleiar ved
Fysioterapiseksjonen Volda,
Medisinsk avdeling
Volda, Medisinsk klinikk
- Volda sjukehus.
Byrja 01.05.2011

Hanne Mari Eikrem
Helsesekretær ved
Kirurgisk poliklinikk Volda,
Kirurgisk avdeling Volda,
Kirurgisk klinikk Volda
- Volda sjukehus.
Byrja 01.05.2011

Martine Myklebust
Sekretær ved Dokumen-
tasjonssenteret Volda,
Serviceavdelinga - Volda
sjukehus. Byrja 01.05.2011

Mette Ulvestad Dyb
Sjukepleiar ved Mørk Reha-
biliteringssenter, Medisinsk
klinikk - Volda sjukehus.
Byrja 01.05.2011

Ann-Helen
Myklebust Haugen
Operasjonssjukepleiar
ved Operasjon Volda,
Akuttavdelinga,
Kirurgisk klinikk Volda
- Volda sjukehus.
Byrja 01.05.2011

Nina Anette Teigen
Sjukepleiar ved
Satelittdialyse Volda,
Medisinsk avdeling
Volda, Medisinsk klinikk
- Volda sjukehus.
Byrja 02.05.2011

Jobe Smith
Overlege ved Kvinne-
klinikken Volda felles,
Kvinneklinikken,
Kirurgisk klinikk Ålesund
- Volda sjukehus.
Byrja 30.05.2011



Namn: Torstein Hole
Alder: 54 år
Tittel: overlege og
klinikkisjef på medisinsk
klinikk i Helse Sunnmøre
Bustad: Ålesund

Beste minne:
Vere med å
starte hjertesvikt-
poliklinikken.

Éin mann – mange rollar

**Han spesialiserte seg i hjarte-
sjukdommar og indremedisin.
I løpet av fartstida si på sjuke-
huset i Ålesund har Torstein
Hole vore både seksjons-
overlege og avdelingssjef på
medisinsk avdeling. I dag er
han klinikkisjef – ei rolle som var
heilt ny då han fekk henne.**

I 1985 kom ein ung Torstein Hole inn dørene på Ålesund sjukehus. Etter enda turnusteneste og ei tid som allmennlege på Stranda og i Volda var han svoltet på å vidareutvikle seg i eit større fagleg miljø. 26 år seinare er han framleis innanfor dei same veggene.

– Det har vore ein interessant og totalt sett ein god arbeidsplass, fortel Hole.

– Eg har teke del i mange spennande prosjekt og fått jobbe i team som har vore med å byggje opp tenester av høg kvalitet.

Banebrytande prosjekt

Tidleg i 90-åra var Hole med å starte opp hjarte-

svikt-poliklinikken med eit tverrfagleg pasienttilbod. Dette var den første av sitt slag i Noreg – ei utfordring Hole kallar eit av høgdepunkta i karrieren sin. – Dette var eit nytt konsept med mykje motstand frå enkelte miljø og mykje usikkerheit rundt rollene når sjukepleiarane for eksempel skulle få justere medikamentdosar og undersøkje pasientar. Det var eit veldig spennande prosjekt, forklarar han.

Saman med overlegane Haaland og Morstøl var Hole òg ein del av eit trekløver som var med i oppstarten av hjertesvikt-pacemakeraktiviteten på sjukehuset. – Både kardiologien og indremedisinen utvikla seg mykje på denne tida, og det var gøy å få ta ein aktiv del i det, fortel han.

Frå klinisk aktivitet til leiing

Etter 20 år med pasientar valde Hole derimot å leggje den kliniske aktiviteten på hylla til fordel for ei administrativ rolle. I 2005 blei han dermed avdelingssjef for medisinsk avdeling.

– Det var eit vanskeleg val å gå inn i leiinga. Eg skjønner godt mange kollegaer som ikkje ønskjer å ta leiarstillingar, men samtidig ser eg at sjukehusa då går glipp av viktig kompetanse, beskriv Hole.

Han meiner at å ha ei leiing med balansert bak-

grunn i helsestellet er avgjerande for god drift, og skulle ønskje at fleire legar såg på leiing som ei viktig oppgåve.

– Det har vore både lærerikt og utviklande å sjå eigen praksis frå utsida og sjå alle dei medarbeidarane som kvar dag yt tenester av høg kvalitet og står på for pasientane. Eg har òg vore heldig som har hatt god støtte frå medarbeidarane i dei mange tøffe prosessane vi har vore gjennom.

Open for noko nytt

I januar 2010 gjekk Hole inn i ei nyoppretta stilling som klinikkisjef, og det er her han sit i dag.

No som Helse Sunnmøre og Helse Nordmøre og Romsdal snart skal foreinast, ønskjer Hole å ikkje tenkje for langt fram i tid når det gjeld vidare karriereplanar.

– Denne samanslåinga kjem heilt klart til å ha mykje å seie for meg sidan det sannsynlegvis betyr at den jobben eg har no, neppe eksisterer i 2012. Eg er dermed relativt fleksibel når det gjeld kva som skjer vidare, og er nok ikkje framand for å avslutte karrieren som kliniskar.

Tekst: Ina-Cristine Helljesen